for dei åndelege verdiar au og ville gjerne at borna skulle få sleppe ut på skule og lære noko meir. Ho Karen ville gjerne til Voss, til folkehøgskulen hans Lars Eskeland, og det ynskjet fekk ho da oppfylt. Det var ein overlag gild og verdfull skulevinter for henne. Der fekk ho sine livs-ideal, og frå der tok ho med seg ei allmenutdanning som vart henne til overlag stor hjelp gjennom dei vonbrot og påkjeningar som livet kom til å bjo på.

Etter skulevinteren på Voss, fekk ho Karen hug til å freiste seg i meieribransjen. Ho vart eit par år på Lesja ysteri, men her var det at ein tungsam lagnad slo henne ned: Ho fekk poli-omelitt, og vart lam i bae føtene. Eit hardt slag for den unge, livsglade jenta. No vart framtida for henne å sitja i rullestolen. Men Karen gav ikkje opp. Hugen til å veva hadde nok lege latent, men kom nå fram att. Karen kom i kontakt med den landskjende veverka Sunni Mundal i Oslo. Ho kom i lære hos henne. Ho vart ei av dei flinkaste der, og fekk vera med Sunni Mundal og veva på eit stort billett-teppe som dei kalla under stjernene. Heimkomen fra Oslo dreiv ho i mange år med veving, og teppa og åkla hennar gjekk unna. Da Tretten fekk brudestoler arbeidt av Martin Simengard, var det ho Karen som fekk i oppdrag å veva trekket. Og det vart kunstverk av det, vove etter eit mønster frå 1600-tallet.

Men atter kom eit slag: Ho laut slutte med dette arbeidet au. No var det synet som svikta. No tok ho til å skrive. Det hadde ho hatt sers godt for alt i folkeskulen, og på folkehøgskulen hadde ho vori framifrå til å skrive stil.



Vik skule.

Av og til hadde ho innlegg i distriktspressa og i Årbok for Gudbrandsdalen. Det var som mangeårig medarbeider i kyrkjebladet “Klokkeklang” at ho vart best kjend for bygda-folket som skribent. Ho skreiv så enkelt og liketil på bygdemålsfarga nynorsk. Det ho skreiv, det kom frå hjerte og gjekk til hjerte. Til å skrive prologer ved ymse høve var ho meisterleg. Var det festlege tilstelningar av ymse slag på Tretten og dei skulle ha ein prolog, så var det å gå åt ho Karen. Ho visste alltid råd, og fann dei rette orda”

Har funne fram to prologer fra Karen Botterud si produksjon:

100 - års festen til Vik skule sommeren 1960 av Karen Botterud. Vi lever i ei tid da så mange samfunnsplaner blir lagt etter den rettningslinja : “Dette vi har, er så for lite. Det er på høg tid vi får laga det større.” - Ho er ikkje ny. All frisk pågangsvilje ha fylgd henne før, men nå er det sett slik rivande fart på at vi ikke alltid er budde til å klappe i hendene for kvart varsel. Kommunene er for små, gardsbruka, jernvegsstasjonene og skulane. Men kva kan

vår tid bruke dei seinføre i tankegangen til? Vil du vera med så heng på? I heimgrenda mi har vi ein liten god skule som i alle år har greid seg fint med kappgangen med dei andre i bygda. Nå som sume tider før, er han nettopp nede i baredalen når det gjelder barnetalet. Derfor meiner mange at nå må desse borna få skyss ut av grenda, og skulen strykast ut av registeret. Det er ‘Vik skule i Øyer! Etter eit møte i Øyer skulestyre fekk eg eit brev fra vår gamle lærer, J. Haraldseid: “Vemodig er det å tenkje på at no er det for alle tider slutt med Vik skulekrins. Eg drøymde at det til sommeren var 100-års fest. Erling Solberg styrte festen, du hadde dikta ein prolog, og Tor Ile var innbeden, og fortalde om skulestellet for 100 år sia. Ja, dette var en draum, men eg tykte det var ein fager draum”. Erling Solberg fekk eit vink om denne draumen, - så tok snøballen til å rulle, og fest vart det! Alle ville vere med. Ein solskinnsefta den 30. juli held vi festen med skuleborn fra 80 - 8 år. Ordfører, skulestyreformann, Tor Ile, 200 fesstemte gjester samt Tretten musikkforening var med og sette alle i ein festglad stemning.

Prolog til 100-års festen til Vik skule


I 1860, da sto nokre sysken her
og gledde seg over dei nye husa som lyste i solskinsver.
Brørne, dei skulle handle, og dei var tri i flokk,
systrene stelle hus og fjøs og sysle med vev og rokk,
Det var Gunder og Even og yngstebroren Johan,
Lisbeth og unge Johanne, som fekk dette her istand.
Tømmermannen Ole Eriksen, husmann i Botterudmoen
hadde tømra opp kvart eit hus for husbonden sin, han “Joen”
Kva han hadde i jordisk løn, det har eg ikkje funne,
- men han vart far til prestar to, som her av grunnen er runne.
Den syskenheimen vart oppløyst, alt etter 10-12 år.
I 1871 vart han skulen vår.

7-800 speciedalar var prisen som bygda gav,
- reisepengar til dei som strauk over det salte hav.
Eg ville skrive ein symfoni, - i moll måtte stykke gå.
men og med sølverne toner i, som steig mot det høge blå.
Og temaet måtte høve som helst til eit gravferdslag.-
Eg “siste farvel” fekk prøve - det skulle vel stemme idag.
Men korleis eg strauk og klonka, - det kom ingen harmoni. -
Ein skjemtegauk til meg blonka og fingra på fløyta si:
Nei, temaet her i huset, det må ikkje låte trist!
For vårfrisk var bekkjebrusen om leiken vi lekte sist.
Her alle fra ABC-kongen, til lærde i parti A.
Må ta jubileumssongen i fesstemning fri og glad!
Vi smiler og kjem i godlag med 100-åringen Vik
og tenkjer på alt han gav oss, så temaet må bli slik:
“Småsporven gjeng i tunet og tippa korn og ribbar strå
og hev så god ein une og lær åt katten grå.”

Nå samler vi i ei klyngje lærarane, alle mann,
til dei skal vi songen syngje og spørja dei lite grann.
Undset, Hoel, Benjamin, Per; Hjelmstad, Jordhøy og Elstad -
det er dei eldste vi ser.Dernest kjem Kristian Bjørnstad liksom litt meire nær,
Kjos og Rugtveit og Sæter fra siste halvhundre år,
Haraldseid, Høystad “Helge” og “Aud”, - Ho som er fødd igår,
desse som skreiv ho på tavlar eller i bøker inn
Vikensværingens livslov, prenta i barnesinn.
- - - “Vi som er fødd i ei bakli, nordanfor all slags gjerd,
kunne det bite lærdom på dette slags folkeferd?
Her som federne våre klora med “i.h.p.”

Stivt med plognevar såre, namnet sitt strevsamt ned,
her som ongane gjætte geiter kring berg og foss
utan å eige bøker, var det da von for oss?
Svara frå lærarflokken blir vel på ymse vis.
Ein står med mesterstokken ferdig til " kjærleg ris,"
ein står med huspostillen, verdig i sid bonjour,
prøver dei små i boka, strengt og etter tur.
Ein reknar ort og dalar, alen og pund og pott.
Andre har kronemynta og metriskmålet fått.
Sume er nøgd når lekse ordrett som erter renn,
andre når borna meltar lærdommen litt om senn.
Alle ville nok forme borna til skuleljøs,
ulikt dei gav sitt livsverk for slekter som kvarv - og oss.
Vi som var fødd i ei bakli, nordanfor all slags gjerd.
jau, vi fekk del i opplysning, fullgod på skulen her,
Det var centrum i grenda, åndslivets gode mor,
her fekk vi klåre utsyn over den heile jord.
Mange dro ut av grenda, også til andre land,
kom att i sønesøner, og synte oss kva dei vann:
stærke, lærde og rike - menner med førarrang
ætta frå folk som her på Vik hadde sin skulegang.-
Salmer og gode Gudsord fygde dei vegen lang.
- nynna så mildt over blå-fjell barndommens voggesang.
Lengsel og tankar varme, heim til sin barndoms leik
sende og dei som arme synest at livet sveik.
Vik, du vår eigen skule ol nok i mange merg. -
Disen om deg idag er rein. Vik, du var bygd på berg.

Når du er jamna med bakken, - når vi er gjømt i jord -
enda vårt tema suser over deg - utan ord;
"Småsporven gjekk i tunet og tippa korn, og ribba strå,
og fekk så god ein une og lo åt katten grå; - - -



Frå 100-årsfesten.

Åpningsfest på Tretten nye gamlehjem søndag 17. april 1955 av Karen Botterud

Denne dagen blakrer flagget
for ein serleg solblank vind.
Bygdens fødrådshus står ferdig
Fødrådsfolk fløtt nå inn.
Og vi tenker glade tankar:
Så merkverdig som det er
at vi verkeleg har fått det,
at nå står det nettopp her!
Derfor ser vi litt attende
på det under som har hendt,
korleis dette vakre bygget
står her som det oss er sendt.

Bakom åsane og fjella,
bak det store blåe havet
langt mot vest
låg det store fridomslandet,
låg og vinka, låg og glitra,
venta den Europas ungdom
som var best.
Landet var så rikt og fruktbart.
Det var skog og jord og elvar.
Prerien av dyr var full.
Det var malm, og det var olje,
Det var gull!
Mange friske unge gjenter,
mange sterke, gode menn
reiste over dit og ga
all sin ungdom, liv og styrke
til det fri Amerika.
Indianerne fekk vike, - -
og dei store bøffeldrifter
vart til mat for bleikansikter.
Men Amerika vart dyrka,
og Europas folk vart rike.
Her frå Tretten reiste også

mange, mange over dit.
Men idag vi minnes to,
to som aldri gløymde bygda,
der som vogga ein gong stod,
og som kom attende hit.
Men da var dei vortne gamle.
Dei var ferdige med plogen,
og den store, store skogen.
Dei var ferdig med å samle.

Men dei fekk ein fager tanke,
og dei fekk det som var meir,
dei fekk sett den ut i livet:
- byggje aldersheim til fleir! -
Mathias Glomstad var den fyrste,
Gustav Bjerke nummer to.
"Plenty money! Sett igang!"
Bygda undra seg, og lo.
Bygda ville vera med!
Dette var eit bygg av rang!
Signe vera Glomstads minne!
Bygda takkar for hans gave,
der han kviler bort om havet.
Gustav Bjerke har vi da
midt iblant oss her på festen.
Han er sjølv hedersgjesten,
sterk og bra.

Og så skal vi minnest
andre to frå bygda vår:
To som streva trutt i livet,
men så heilt i andre kår:
Mari Moen, Kristian Moen
søv nå trygt i dødens hage,
men til denne nye heimen
gav dei livets overskot,

fromt og varmt og hjertegodt!
Kvil i fred, La bygda lage
blomsterteppe mjukt og kvitt
over leiet søtt og blidt.

Ja, så ligg den her og smiler
denne fødrådsheimen vår.
På ein grunn så fast den kviler
på den grunn som evig står:
Den er bygd på elsk til nesten
og på tru og takk til Gud,
på det fyrste og det siste,
på dei store to Guds bud.
Derfor ver velkomne gamle
bestefar og bestemor!
Denne heimen hører deg til,
kvar ein seng, og kvart eit bord.
Her er varmt og lyst og tyleg.
Her er mat og drikke nok.
Kanskje var det mindre - nyleg,
kanskje så at snaut det rokk?
Kom så hit og kjenn deg heime,
det fortener du så vel!
Alle vil så gjerne høre
når du set deg å fortel.
Du har så mange minne
frå den tida du var ung.
Kanskje tida di var sorgfull.
kanskje vegen fall deg tung.
Kom å hør på fuglesangen,
skogen suser her om kring.
Du kan høre klokkeklangen
berre bortanfor ein sving.

Og om våren blir det vakkert
når det snart blir hage her.
Det blir blomster omkring veggen,
epletre og kjørr med bær.
Kjorkjegang og salmesang!
Har du ærend ned i "byen",
gjer du ikkje vegen lang.
Gå litt varsomt, er du støl.
Om så ryggen varsler uver,
kan du gå til doktorn sjøl!
Det er alt som tyder på
denne heimen skal bli god.
du kan halde sinnet ungt
om du trekker litt på åra,
likevel ha fred og ro.

Takk vår gode amerikaner
for du kom til oss påny!
Vær velkommen heim for godt!
Takk til alle bygdens folk
ifrå alle som skal bu her!
Må så signe Gud vårt slott!

Bekiendtgjørelse

Under krigsåra 1940-45 fekk alle som hadde husdyr ein plakat til å feste på fjøsdøra. Der det stod: "Adgang for uvedkommende forbudt", teksta var både på norsk og tysk. Det gjaldt Munn og Klovsjuka, någaa tyskeran au var redde for å få inn i landet. Dette var ikkje fyrste gongen vi vart åtvåra mot at denne sjuken skulle kåmā hit til landet. Blant ein del gamle papirer utlånt av Ola Prestegården, fanf vi m.a. "Bekiendtgjørelse", som i fyrste omgang vart lagt til sie da den både var lang og såg lite interresant ut. Det gjaldt Munn og Klovsjuka som var i anmarsj til Danmark og kanskje āu hit til landet. Her gis ein beskrivelse av sjukdomen, og korleis den skal helbredes. Dette var alvorlige saker som myndighetene fann det riktig ā gjāra kjendt. Denne bekiendtgjørelse vart sendt hit til bygda, og vart læst ved bāe kjørkjer i mai 1790. Anders Prestegården som er veterinār har fått kopi av denne Bekiendtgjørelsen, så dermed er veterināran orientert.

Halvor Strangstad.

BEKIENDTGJØRELSE For landmanden og andre som eie Heste og Faar i Norge

Det hersker for nærværende Tid, næsten overalt i Danmark blant Heste og Hornqvæg end sykdom som i disse lande er usædvanlig og som saavidt det vides ikke for nogen Tid har grasseret i Danske Provindser. I Tyskland og andre Lande hvor den ikke er usædvanlig har man kaldet den Tungekræft eller Brandbyld paa Tungen. Denne Sygdom dreper mange

Kreature naar den overlades til sin egen Gang. Men dens ødeleggende virkning kan temmelig let standses ved rigtig behandlingsmaade og betimeligen anredet Midler. Da denne Sygdom har utbreedet sig fra Holdsteen i Dannemark og det er muligt at ved dens merkelige træf til Norden samme ogsaa kunde indfinde sig i Norge, saa har man anseet det for nødvendigt at give de Norske Landmænd betimelig underrætning om dens beskaaffenhed og om de Midler som erfarenhed har vist at være meget gavnlige. Sygdommen giver sig tilkiende ved Blegen eller liten Byld sædvanlig oven paa Tungen rundt Roden undertiden paa fordelen og undertiden på underdelen eller Siderne av samme, sjeldnere paa anden stede i Munden. Denne Blegn kan kan blive i end kort tiid til et giftigt ædende brandigt Saar som da enten fortærer Tungen at den falder av eller utbreder sig til Svælget og Dræber Kreaturet. Man mærker ikke noget andet Sygdomstegn hos Kreaturet som andgripes av denne sygdom, de æder offte mer enn sædvanlig og kiørne sætter ikke av på mælken, saa at man uden at arransage Tungen ikke kan merke nogen Sygdom hos Kreaturene førend de høre op at æde og styrte. Denne Sygdom Synes ikke at være smitsom men blot grasserende da den kan herske i en stald og dog et et betydeligt antald Kreature i samme aldeles undgaaer Sygdommen. Dens aarsag er endnu ubekiendt og den Synes at bestaa alene i den farlige blegn og paafølgende Saar, ligesom og dens farlighed afverges alene ved at forhindre Saaret og Brandens utbredelse. Hvor man der



for frugter for denne sygdom maa man daglig eftersee Kreatures Mund og Tunge og dersom man da mærker en Blegn med en Knif i midten eller et svampigt urent Saar i hvilket sidste tilfælde Kreaturets Mund er stinkende, saa maa man strax med en dertil beqvemt instrument saasom med bladet af end Sølvskæe der mod Enden er skarp eller imangel deraf med randen af end.

Toeskillig skrabte Blegnen eller Saaret indtil det bløder overalt og da tillige forekomme at intet af Materien eller Blodet Synkes af Kreaturet. Derefter vasker mand det skrabede saar med skarp ViinEdikke, hvori man har opløst saa meget Salt som den kan modtage og holde opløst. Derefter maa Saaret tvende gange daglig eftersees og hver gang indgives saa meget som kan holdes imellem tre fingre af følgende Pulver bestaaende af stødt Salmiak 8 lod omrørt og blandet med en spiseskæe fuld eller et halvt Lod Terpentin Olie, hver gang dette Pulver er blevet indgivet i Saaret afvaskes det igien med ovenmeldte Sals-Eddik, Saa snaaret Saaret nærmer seg til lægning og faaer frisk utseende behøves det aleene at vakes med Salt-Edikken. De af Sygdommen angrebne Kreatur bør Adskilles fra de sunde for hindre at den skarpe og stinkende Materie som flyder af Munden ikke ved Foderne skal skade de Sunde, Stedet hvor de syge Creature har staaet bør og renses og vaskes og det der værende borttages og brendes. En

anden i de Hannoverske Lande og i Holsten saavel i Dannmark med megen god virkning brugt kuurmetode er følgende: Naar man har ved at trekke Tungen du mærker et hull eller Blære på det ommeldte sted saa renser man først Tungen med vaadt klæde fra Liien, derpaa gnides Tungen paa det sted hvor Blæren eller Hullet findes med Viin-Eddike og Salt og pires saa sterkt med et skarp Instrument at det klare Blodkommer ud. I dette saar trykker man lidet af et pulver som bestaar i lige deele af rensed Saltpetter stødt skarp Peber og brendt Alun, dette skeer tvende gange om dagen indtil saaret er lægt. Naar det er lægt smøres det med Olie og Honning. En Time efter dette er foretaget med Qvæget maa det verken æde eller drikke. For at kommen Sygdommen tæs Tungen paa det friske Qvæg hver dag med Vand og Eddike og gnides med Saltpetter og Eddikke. Paa adskillige steder har man isteden for Viin-Edikke med like god virkning brugt øll-Edikke suur reent Vand og isteden for Salmiak brænt Alun eller Salt alene eller i mangel af alle andre Midle Urind. Denne Sygdom kan blive saa ondartet at Menneske og Creature som have fortæret kiødet af saadanne syge ere blevne angrebne af farlige og dødlige tilfælde og Melken af Syge Kiøer har været skadeli. Men især ere det høyst for den som har noget Saar på fingrende eller hænder berøre dette giftige Tunge Saar. Dog har denne Sygdom hidindtil ey alene ikke vist sig i Danmark at være af det ondartede Slags men ogsaa af alle deraf angrebne Kreaturer ere ved foranført Midlers betimelige brug saavidt comissionen er bekiendt ikke et eeneste Stykke bortdød men alle enten allerede fuldkommen helbredede eller dog i god forbedring.

Kiøbenhavn udi den i anledning af Qvægsygen annornede Commision den 13de Marts 1790
E.Scheel C.D.V: Reventlov. C.V:Brandt C.L:Schultz. M: L: Essen. P:C Abildgaard
Læst ved Øyers Hovedsogn den 2den Mai og ved Tretten den 9de Dito Rigtig Copie efter Originalen, Udskreven den 19de Juni 1790.

av Kristian Kvardal

Gamalt frå Øyer

Da Gillebu-nissen og Skard-nissen rauk i hop og slost

Frå gamalt var det slik at det var ein nisse på mest kvar gard. Nissen heldt for det meste til i stallen hos øykjom, og var staillkaran riktig heldig, kunne det nok hende han fekk sjå denne gråkledde vesle tassen med raudluva på hovedet sitja på krubbekanten frammed grom-øykjen sin. Der det var fleire øykjer, var det ein som var grommare enn de andre, og denne var da både feit og fin, for nissen drog foret frå dei andre og borti åt denne. Det hende nok at nissen var borti låvom på andre gardar og stal høy au. Det er fortald at ein knitrande kald måneljos natt hadde Gillbus-nissen vori oppå Skard etter ei dura-beleg diger høybør, men det treffe seg slik at Skard-nissen au hadde vori ute i så små ærend. Han hadde vori nedi Gillbu etter ei like stor høybør, og midtveges mellom desse to gardom,



på ei slette som heiter Rompa, der møttes dei; og der rauk dei ihop og slost. Dei slost med høybørrom på ryggen så høyet gauv. Kven som tapte eller kven som vann, veit en ikkje.

Huldre-ku og varsel

Det var tidleg ein vår i 1860-70 årom at Ola Svebakken som da var husmann i Nistugun Gildbu, skulle inn på Grunna-setra. Det låg att mye snø enda. Det var såvidt flekkbert. Da han var kommet midtvegs mellom Nysetra og Grunna, vart han var ein stor kubøling. Ola vart nok undren over dette, for han skjøna at det kunne ikkje vera nokon som hadde fløtt til fjells med kua enna, men han reiste da rolig videre og for så forbi denne store bølengen med stor, feit, brandete ku.

Det var ein annan gong au at Ola skulle inn på setra. Det var seint om hausten etter at folk var heimattfløtte. Komen innpå Høgåsen innafor Steinsetra, fekk han sjå ein loge eller ein ljøske stod over taket på Prestgardseldhuset innpå Grunna. Da han kom innpå der var alt som vanlig. Ikkje lenge etter brann eldhuset ned. Dei trodde det var noen som hadde vori inne der, og ikkje hadde sløkt varmen godt etter seg. Det var nok varsel om detta Ola såg.

Børsemakaren borti Liasveom

At det før i tida var somme som kunne meir enn sitt fadervår, er sikkert, og dette vart ofte brukt både til det gode og det onde. Johannes Brandborg har fortalt meg dette: Oppi Liasveom budde det eingong ein valdris

som var ein dugande smed. Ein ta skyldfolket mitt, Ole Vedumsdalen, var mye ihop med denne karen. dei for mye inni fjellet både på fisking og reinsdyrjakt om hausten. Ole var og med valdrisen i smiua og drog belgen. Smiua var mura opp tå stein inni jordbakken. Denne valdrisen var ikkje berre vanleg smed, men og ein fin børsesmed. Han krotta ut både låsen og stokken på børsom han gjorde, så det var reine kunstverk. Det er og sagt at han gjorde børser åt Ola Messelt i Østerdalen. Så ein gong skulle Ola vera med att i smiua, for nå skulle valdrisen gjera ei børs att. Da Ola kom inn i smiua, kunne han ikkje sjå noe å gjere børs tå, men da tok valdrisen til å rote borti ei gamal standkinne. Han drog fram noe jernskrap og la det borti smiuvallen og smelta det til ein gloande masse, banka dette til ei plåte, og etter mye hamring og banking hogg dei denne opp i smale remser og rulla dei ihop i ringar. Da dette var gjort, sa valdrisen at nå kunne Ola få gå, for nå skulle han greie seg sjølv. Sveise ihop og bårå hol i børs pipa skulle han gjera om natta. Det var dette som undra Ola korleis valdrisen greidde det, for nokon reiskap åt dette kunne han ikkje skjønna han åtte. Men om morgenen var nå likevel børsa ferdig, derfor trudde folk at han kunne meir enn sitt fadervår.

“Då gråbeinen vart drepen med ein skinnvott”

Tidleg ein morgon husmann på Jevne skulle gå over isen på Jevne-fjorden, kom det setjande eit digert gråbeinbeist rett på han. Mannen vart da ille ved, for han hadde ikkje så godt som ein stav å verje seg med. Men kroppen som



var både kaldblodig og snartenkt, hadde eit par digre skinnvottar på seg. Då udyret kasta seg over han med gapande kjef, kjørde han neven så langt han fekk nedi halsen på beistet. Da han rykte åt seg at handa, sat skinnvotten att nedi halsgropa på udyret som såleis kvåmna. Slik slapp husmannen å bli gråbeinføde.

“Huldra på Augsetra”

Det var seint på hausten og stilt i fjellet, for både folk og fe var heimatt-fløtt. Berre i Systugun Gildbu på Augsetra låg dei att endå. Budeia, ho Mathia, dottera på garden, og Jens Rustberg opplevde da noe rart. Dei såg sju kvinnfolk gå nedover åt Gjæsbrua etter kuråket norda seterlykkja. Dei var likt kledde, hadde grå stakker og bundingstørklede alle sju, og akkurat like langt var det mellom kvar av dei der dei gjekk. Dette var midt på ljose dagen, og baa to såg dette. Det var sikkert huldra oppi Huldrehaugen som skulle på vitjing åt grannefolket sitt uti Gjæslia

Utdrag fra boka av Kristian Pålrsrud

Slekta fra Botterudmoen

i Tretten

Kristian Pålrsrud skrev gjennom mange år utallige artikler og også bøker. Mange av hans bidrag til å bevare historien er gjengitt i dette nummer av “I gamle fotefar”, i tidligere utgivelser, i Klokkeklang og Årbok for Gudbrandsdalen. På siste side i denne utgivelsen av “I gamle fotefar” blir blant annet bøker av Kristian Pålrsrud, som er tilgjengelig for salg eller utlån på biblioteket, beskrevet. I 1958 ga han ut boka “Slekta fra Botterudmoen i Tretten”.

Bak denne utgivelsen ligger et stort arbeid. I tillegg viser Pålrsrud gjennom boka noe av den enorme historiske interesse- og kunnskap han satt inne med. Boka er ei slekts-historie, men også mye mer. Den skildrer livet på Tretten, utvandring og utvikling, fra Ole Eriksen, som ble født på Lagethonsvea i Musdal den 29. juli 1806, og fram til vår tid. Redaksjonen tar med et utdrag av først kapittel av boka. Dette danner grunnlaget for historien “To husmannsgutar frå Tretten som vart prester i Amerika.”

For de av leserne som vil lese mer om livet i Botterudmoen, og hvor etterkommere etter Ole og Kari havnet, kan boka “Slekta frå Botterudmoen i Tretten” lånes på biblioteket.




Botterudmoen

Utdrag av boka

Ole Eriksen, som vart stamfar til ein stor og sterk slekt, opplevde krigsåra frå 1 til 8 års alder. Han voks opp til ein kraftkar, herda til livskampen. Etterkrigstida var ikke mindre harde og vanskelege. Så snart han vart voksen nok til det vart han med far sin på tømmermannsarbeid, og han vart med åra ein svært flink tømmermann. Han var og med far sin på arbeid i Lagethon, og fekk der gå skulen som husmann. I 1827 vart Ole Eriksen tru-lova med Kari Engebretsdtr. Stalenget. Ho var fødd 14. januar 1809 av foreldre Engebret Olsen Stalenget og kone Anne Anderdtr. Tande. Det var låke tider for arbeidfolk, og heilt uråd å skaffe husrom. Så det var lange utsikter for giftermål og eige heim for dei to unge. Ole budde i Lagethonsvea, eller så budde han der det fall seg slik i ei eller onnor drengestue på garden der han arbeidde. Kari budde heme hos foreldra sine i Stalenget. Den 3. mai 1828 fødte ho eit jente-barn som fekk namnet Ingeborg.

Så fekk Ole høre at det nordi Trøndelag skulle vera betre von om jord og husvære, og om våren 1829 tok dei to parfolka landevegen fatt. Ole med ei skreppe på ryggen, og Kari



Fem av dei seks gutane frå Botterudmoen som utvandra til Amerika i åra 1870-72.

Frå venstre: Erik, Kristian, Ole, Hans og Kristen.

bar vesle Ingeborg den lange vegen gjennom Gudbrandsdalen, over Dovrefjell til Trønderlag. Det såg ikkje særleg lyst ut for ein stad å slå seg til på der nord heller. Så utpå haustparten laut dei gjera vendereis å gå den lange vegen attende til heimbygda.

Så vart det å ta fatt på ny i heimbygda med å søkje etter husvær. Men i heile bygda var dei ikkje ein husmannsplass ledig. I Botterud var det på den tid ein ung driftig gardbruker, John Eriksen. Han var kome frå Skyberg, og gift med gardjenta i Botterud, Goro Haagensdtr.

Da Ole Eriksen kom i prat med han om jord og husvær var det ikkje verre enn at Ole skulle få rydde ein jordfleck og byggje ein heim i Botterudskogen. Jo, som han kallast, ville gjerne ha ein husmann til. Den 3. oktober 1829 vart Ole Eriksen og Kari Engebretsdtr. vigde i Tretten-kyrkja. I månelyse netter i november og desember hogde Ole hustømmer til stugua si. 19. juni 1830 fødde Kari eit jente-barn som fekk namnet Anne, etter bestemor si. Da var Ole alt kome godt igang med å byggje stugu på det nye bruket som fekk namnet Botterudmoen. Det var om kvelden og natta han arbeide med sin eigen heim. Stugua sto ferdig i 1832. Det var sikkert ein stor dag for Ole og Kari og dei to småjentene da dei flytte inn i eigen heim. Men det var fyrst

nå kampen for tilværet for alvor tok til for dei to, ein kamp som varde uavbrutt i over 30 år.

Ole laut for det meste vera borte på arbeid, enten på pliktarbeid på Botterud eller på andre gardar med tømmermannsarbeid. Det gjaldt om å bryte jord og settja opp både fjøs og låve. Tilslutt fødde han to kyr på bruket.

Barneflokket voks jamt som åra leid. Det vart 6 gutar og 4 jenter, dertil to som døyddes som spebarn. Ho Kari fekk nok å stå i med i barnestell, husstell og krøtterstell. Attåt det laut ho ta sin tårn som husmannskone på Botterud.

Det var mykje arbeid med slaktematen, brygging og baking. I onnetida laut også husmannskona vera med, og ellers når noko ekstra var på ferd slik som gravøl og bryllup.

Det vart fort kjent at Ole Eriksen var ein sers flink tømmermann. I vårfloppen var han sagmester på Botterudbekk-saga, og når noko skulle stelles med hus eller innbu, var det Ole som skulle gjere det. Kor mange av husa på gardane i Baklia frå den tid som er sett opp av Ole Eriksen er ikkje kjent. Det einaste ein veit sikkert er at husa på Vik skulegard og føderådsstugua og det store murafjøset i Sprekkenhus er sett opp av honom.

Barna i Botterudmoen vaks opp til sterke og staute menn og kvinner og dei dro ut frå barneheimen så snart dei var vaksne. Fyrst i teneste i heimbygda, og seinere drog dei fleste av dei til Amerika.

Kari døde den 9. mai 1865, berre 56 år gamal. Etter dette vart det stillt og stusselig i den vesle heimen i Botterudmoen. Det var bare Ole og dei to smågutane, Hans og Kristian att der heime. Da tri år var gått etter at Kari var død, stod også Ole Eriksen på tur til Amerika saman med yngste sonen sin Kristian, som var berre 15 år gamal. Ole stengde døra i Botterudmoen, den heimen han sjølv hadde bygd, og der han og Kona hadde budd i over 30 år. Ole døde i Vermon, Wisconsin i 1870. Så var huslyden i Botterudmoen spreidd for alle vinder.

av Kristian Pålsrud. Årbok fra Gudbrandsdalen 1956

To husmannsgutar frå Tretten som vart prestar i Amerika

Ein dag i sommer tok eg ein tur til Botterudmoen. Sola skein på det gamle bruket som låg der så fredfullt og folkelaust. Porten var stengt, og gardinene dregne attfor glasa i nystugua, og av gamlestugua var det att berre grunnmuren overgrodd med grastorv. Peisen hadde ramla ihop til ein røys. Sotsvarte steinar syntte at her hadde det ein gong vore ei grue.

Her ved denne grua satt Ole Eriksen og Kari Engebretsdotter med dei 10 borna deira og vermde seg så mang ein gong i kalde vinterkvelder. Og her har ho Kari kokt mat åt mann og born, simpel husmannskost, men nærande mat som borna vaks seg store og sterke av.

I 1930-åra ein gong var eg her. Da stod den gamle stugua med grå værbitne tømmerveggar og torvtak, og eg tok eit bilete av ho, truleg det einaste bilete som fins av denne gamle stugua. Nokre år seinere vart ho rivi ned. Den omlag 100 år gamle stugua hadde gjort si tenest.

Det var i 1832 at Ole Eriksen tok til å rydde og dyrke seg ein heim der. Jo Botterud ga han lov til det mot at han forplikta seg til å gå husmann på Botterud på vanlige husmannsvilkår. Fyrst bygde Ole stugu, og seinere fjøs og låve, og rydda jord til eit kufor eller to. Fjøset er for lenge siden borte, men låven er i bruk ennå.

Det var 4 jenter og 6 gutar som vaks opp i den vesle husmannsstugua i Botterudmoen. Dei fleste reiste til Amerika og tok seg godt fram der. Dei to yngste gutane, Hans og Kristian, vart prestar i Amerika.

Far min Ole Botterudmoen, fortalde meg at Hans heilt fra gutedagane hadde fått det i

hugen at han ville bli prest. Han var ofte med far sin åt Tretten-kyrkja. Dei gjekk mer åt kyrkja i den tida. Dei hadde stor vyrdnad for Guds ord, prest og kyrkje. Det var ei stor høgtid for borna å bli med far eller mor til kyrkja om sundagane.

Og Hans var kanskje den som hørde best etter kva presten sa. Når han kom heimat, steig han jamnt opp på ein stein og prekte for syskena sine. Dette hende meir enn ein gong fortalde far. Hans Botterudmoen var fødd 8. april 1850. Som unggut tente han på garden-Skyberg i Musdal. Da han i 1882 reiste til Amerika, tok han Skyberg til slektsnavn.

Alt året etter at Hans kom til Amerika, gjekk han inn på Luther College i Dekora



Bilde av prestene Skyberg

i staten Iowa. Etter 6 års skulegang vart han student, og i 1879 gjekk han inn på presteskulen i Madison, Wisconsin. I 1882 tok han embets-eksamen og vart ordinert til prest.

Frå 1882 til 1892 gjorde Hans Skyberg tenest som prest i Benton og Calmus i Iowa. Så vart han kalla til prest i Fisher og bygland prestekall, der han gjorde teneste til 1904, da han på grunn av låk helse laut trekkje seg attende frå aktiv tenest, og levde siden på farmen sin i Bygland. Han døyde den 8. oktober 1928, 78 år gamal. Han er gravlagt på familiegravstaden deira i Bygland, Minnesota.

Pastor Hans Skyberg vart ektevigd den 8. juli 1885 med Gurene Helvig. Ho var fødd av norske foreldre i Grand Mound, Iowa den 14. desember 1860. Ho hadde god skuleutdanning, og var lærerinne før ho gifta seg. Det er fortalt om henne at ho var ei vel omtykt prestekone og var mannen sin til god hjelp i alt kyrkjeleg og kristeleg arbeid i kyrkjeloknet. Ho døyde den 5. januar 1944, 84 år gamal.

Gurene og Hans Skyberg hadde 4 barn, som alle fekk god utdanning. Dei har i skrivende stund etter seg 8 barnebarn og et barnebarnebarn, etter dei oppgaver eg har fått frå slekta i Amerika.

Kristian hette yngsteguten i Botterudmoen. Han var fødd 25. oktober 1852. Han reiste til Amerika saman med far sin i 1868. Han var da berre 15 1/2 år gamal, og vart konfirmert i Wisconsin.

Dei fyrste åra dreiv Kristian med farmerarbeid om sumrane og med skogsarbeid om vintrane saman med to av brørne sine Erik og Engebret. Han var også en del saman med Hans da denne kom over i 1872. Da Hans hadde teke til å på skule å ville bli prest, fekk Kristian hug til det same.

Så sleit dei seg fram med skulegongen om vintrane og hardt arbeid om sumrane. Litt hjelp fekk dei kansje av brørne sine. Kristian gjekk fyst på Luther College i Dekora og dernest ved Luther Seminarium i Madison, Wisconsin,



Bryllupsfoto av pastor Kr. Skyberg og kone

der han tok eksamen 10. juli 1883. Kristian tok og namnet Skyberg som bror sin, og vistnok også etpar andre av brørne. Han fekk kallsbrev fra Sioux City, Iowa og vart ordinert som prest 5. september 1883. Alt 17. september tok han over prestekallet i Sioux City.

Den 22. mai 1889 vart Kristian Skyberg gift med Olea Waldine Theodora Walderland. Ho var fødd den 24. januar 1870 på Marion prestegard, Clayton Co, Iowa av foreldre pastor Ole Larsen Waldeland og kone Maarthe Enocsdatter Grude.

To år etter giftermålet flytta pastor Skyberg med familie til nytt prestekall i Muskegon Michigan i mars 1891. I oktober 1896 fekk han påny et nytt kall i Aastad Ottertail Co Minnesota. Der gjorde han teneste i dei to menigheter Aastad og Rock Prairie i hele 26 år. Til dette kallet høyrde ein prestegard 120 acre som presten hadde bruken av. Pastor Skyberg hadde fleire kuer, ein del høner og eit spann hester. Det var ein annan ein som brukte landet, og så delte dei avlinga.

Fru Skyberg døyde 12. januar 1906, berre 36 år gamal. Pastor Skyberg vart da sitjande att med 6 born i alderen 5 til 16 år. Pastor Skyberg fekk slag på prekestolen i 1922, og døyde to veker etterpå den 5. februar 1922, 70 år gamal. Han vart gravlagt på Rocks Prairie kyrkjegard, der kona hans alt hadde kvilt i 16 år. Pastor Kristian Skyberg og kone hadde 6 barn. Dei har no 19 barnebarn og 12 barneborns born etter dei opplysninger eg i det siste har fått frå deira etterkomarar i Amerika.

av Josef Strand

Tømmerhesten "Pelle"

Tømmerhesten "Pelle" søker om høieste tilleggssrasjon på mjøl for ca.120 dager som han må utnistes med for å være borte dag og natt.

Mel: Blant alle lande i øst og vest.

Forsyningsnemnd. Du Almæktige!

Hør mine bønner sanddræktige.

O, giv oss her

lidt mer mjøl så er

dere Præktige.

For kubikmeter 105

Med tømmer, det må jeg slæpe frem,

Først ut av skogen,

Så ned på Lågen.

Den vei er slem.

Og meierifavner, så tunge er dem

Det må jeg arme hest skaffe fem.

Og hele tida eg blir på Lia

Langt fra mit hjem.

Om mye mjøl du kan skaffe meg,

Så vil jeg komme å takke deg.

Jeg er så ung

For slik kjøring tung

I slik bakke lei.

Hilsen Pelle Kruke, 3,5 år.

Utnevnelse av æresmedlemmer

På Øyer og Tretten historielags årsmøte i 2007 ble lagets tre første æresmedlemmer utnevnt. Det var Lars Holmen, Ola T. Rybakken og Johan Kråbøl.

De tre har hver på sin måte, og felles, lagt ned et imponerende arbeid for laget, og for bygda. De har samlet og tatt vare på, viktig og spennende, lokalhistorie til glede for senere generasjoner.

Æresmedlemmene ble behørig feiret på Øyer Gjestegård 23. mars i år. De fikk overrakt spesialdesignet diplom og blomster. For å understreke hvilken fest dette var for Øyer og Tretten historielag ble årsmøtet avsluttet med rømmegrøt, spekemat og kaffe.

Begrunnelser for utnevnelse av æresmedlemmer til Øyer og Tretten historielag

Lars Holmen ble første gang innvalgt i styret for Øyer og Tretten historielag i 1984. Siden har han gjort seg gjeldende i de aller fleste av lagets aktiviteter.



De tre første æresmedlemmene: Ola T. Rybakken, Lars Holmen og Johan Kråbøl

Han er levende interessert, og er en engasjert lokalhistoriker. Holmen har vært leder av laget fra 1997 - 2003. Han har også i mange år vært styremedlem, kasserer og sekretær i laget. Han har vært med i redaksjonen for "I gamle fotefar" i 12 år fra 1992 - 2004. I denne perioden har Lars Holmen bidratt med en rekke interessante artikler, og han har lagt ned et stort arbeid med å samle inn og bearbeide stoff, samt motivere andre til å delta som skribenter. Videre har han også hatt ansvar og medvirket til utgivelse av "Nytt om gammalt".

Holmen har vært primus motor med hensyn til å ta vare på, og flytte, gamle hus fra Vik til Ungdomsskolen. Han har også sørget for å fylle disse med viktige antikviteter fra bygda. I denne sammenheng har han bidratt til å gi den oppvoksende slekt kunnskap om gamle tradisjoner. Lars Holmen har arrangert turer og tilstelninger, gitt sambygdinger interessante opplevelser med historisk innhold. Vardkampen og virksomheten rundt den har kommet i fokus igjen mye takket være hans innsats.

Han har også vært med på å legge forholdene tilrette slik at Pilgrimsleden ble en realitet igjen gjennom bygda, og han har vært en ettertraktet guide langs leden siden.

Var også medvirkende til at kikebøkene ble renskrevet og utgitt. Lars Holmen har også gjennom en årrekke påtatt seg ansvaret for distribusjon og salg av lagets bøker.

Siden 1984 har han lagt ned et fantastisk og imponerende arbeid for Øyer og Tretten historielag.

Johan Kråbøl ble valgt inn i styret for Øyer og Tretten historielag i 1981, og ble leder i 1982. Han har mange år bak seg i styret, som leder, kasserer og styremedlem. I årene siden 1981 har Kråbøl på ulike vis vært knyttet til laget, og han har lagt ned et imponerende arbeid. Han har vært initiativtaker, motivator og igangsetter.

Han var blant initiativtakere til "I gamle fotefar", og var medredaktør fra den første utgivelsen i 1988. Dette arbeidet fortsatte han med i 12 år, fram til 2000. Han har i alle disse årene vært en ivrig samler av stoff til artikler, samt vært en aktiv skribent i "I gamle fotefar" og "Nytt om gammalt".

Johan Kråbøl har sørget for mange verdifulle båndopptak fra begivenheter i bygda, bl.a. av åpning av Øyerbrua i 1985. Videre har han bidratt til å bygge opp et rikholdig billedarkiv for historielaget. Han har også lagt ned et stort arbeid ved fotografering og registrering av setrene i Øyerfjellet.

Han har gjennom en årrekke vært en positiv, aktiv og arbeidssom medarbeider i mange av historielagets aktiviteter. Et imponerende arbeid til nytte for Øyer og Tretten historielag, og alle Øyers innbyggere. Som dyktig håndverker har han også tatt vare på, og holdt ved like gamle håndverkstradisjoner.

Ola T. Rybakken har gjennom en årrekke bidratt med verdifullt arbeid og engasjement til nytte for Øyer og Tretten historielag, og for kommunens innbyggere. I 1989 ble han valgt inn i styret for laget. Fra utgivelsen av det første "I gamle fotefar" i 1988 til 1996 var han medredaktør og en ivrig bidragsyter, inspirator og veileder med hensyn til alt illustrasjonsarbeid. Etter dette har han fortsatt som skribent, og totalt har han bidratt med ca 50 artikler.

Ola T. Rybakkens innsats for Øyer og Tretten historielag, samt alle historieinteresserte Øyværinger, startet lenge før han i 1989 ble valgt inn i lagets styre. Alerede på 1950 tallet laget han, og forærte kirken, mosaikkorset over alteret i Øyer kirke. Til samtlige bind av Tor Iles bygdabøker sto han for bokutstyret, "tegna vignetter, friser, bumerker og somt anna", som det står i "Fyrord" til bind 5. Som honnør til Tor Iles laget Rybakken en vakker illustrasjon til

Bygdesong for Øyer, skrevet i 1922. Sangen med illustrasjon ble i 1990 trykket opp av historielaget, og selges fortsatt gjennom lagets salgskanaler. Han har videre illustrert logoen til Øyer og Tretten historielag, samt Hærdera, kommunevåpenet til Øyer kommune.

Han deltok aktivt i arbeidet med skriving og utgivelse av "Og ingen kom att" og "Nedlagte boplasser i Øyer og Tretten". I 2000

utga han boka "Ord fra bygdemålet i Øyer og Tretten". Rybakken har nedlagt et imponerende arbeid for historielaget og kommunens innbyggere.



Øyer og Tretten historielags diplomer til æresmedlemmer, designet av Trond Rybakken.

En ordhittug mann

Ein kar som hette Iver Berdonslien, var en vittig fyr som kunne finne på mange sleivord.

På en gård fikk han smørbrød til frokost. Han satt da og stirret på smørbrødet. Husmoren som så dette, spurte om det var noe galt med smørbrødet nå att.

Han sa da: "Det er så mye rart i denne verden, i går så jeg så godt at jeg så myggen gjespe gjennom smørbrødet, men i dag kan jeg ikke se smøret på brødet".

En dag fikk folkene på gården høre et forferdelig nødrops fra baksiden av et av uthusene. De styrtet forskrekket til, der satt Iver, og så sa han:

"Disse svinene er så sinte på meg og vil sette på meg fordi jeg spiser opp maten for dem her på gården".

Prolog

*Var det ut frå di voggegave
du sa desse orda som ong:
Vi vil reise vårt merke over landet.
Det vil bli til en fylking ein gong*

*Drømmen du bar på møtte vårlege vinder,
der flokken og følge av bygdekvinner
ga deg det såmmå svar.
Og som i fra sjølveste kjærleiksgrunnlaget
var bandet om heimen - om bygda og landet.*

*Ringene vart slutta - og ringene vart stor.
Det sentrale ordet - og begrepet er Mor.
Ho som be i bleike timer
om bergingsvon for nye ættled.*

*Bygdene våre fostra mange. -
Hårr og ein med ymse lagnad.
Somme fekk så stutt ein time -
andre fekk så lang ein dag.
Eit er visst: Ærendslaus går ingen.*

*Du kjem frå dei flåe bygder -
du kjem ifra dal og lier.
Ann Magritt - ånda hos deg sjøl
er med gjennom alle tider.*

*Over bygdelag og grender
sett du alt så vel istand.
Høgreiste - sevjetonge tanker
står og vitne - over land.*

*Du finn fram att - og tek vare på
så mangt av det ei onnor tid eingong gjekk frå.
Sjolv vår nytid av idag
er så rikt på runemerkjer.
der gammeltid og nytid møtes -
kanhende på eit attgrodd råk -
der skog og fjellvind nynne
og fortel om ætters tråkk.*

*Du vil verne tradisjonar -
i akt for det som er - og var,
du vil syngje kjente toner
over gamle fotefar.*

Historielaget har følgende bøker og hefter til salgs:

"I gamle fotefar:"

1988 og 1989	pr.stk.	kr. 100,-
1990 opptrykk		kr. 100,-
1991, 1992 og 1993	pr.stk.	kr. 100,-
1995		kr. 100,-
Alle fom. 1996	pr.stk.	kr. 100,-

Kr. 1100,- (2/3 pris) for hele serien samlet
minus boka for 2007

Kyrkjebøker frå Øyer og Tretten

Bøkene 1 - 4 er utselde.	
Bok nr. 5 (1842-1857)	kr. 150,-
Bok nr. 6 (1858-1874)	kr. 120,-
Bok nr. 7 (1875-1877)	kr. 35,-
Bok nr. 8 (1878-1893)	kr. 60,-

Øyer sokn

Bok nr. 9 (1878-1893)	kr. 300,-
Tretten sogn. Opptrykt.	

Odd Bjerke:

"Tretten - afstigning på høire side. Om jernbaneåpningen i 1894"	kr. 120,-
---	-----------

Tor Ile:

Bygdasong for Øyer.	
Ill. av Ola T. Rybakken	kr. 50,-

Ola T. Rybakken:

"Ord frå bygdemålet i Øyer og på Tretten"	kr. 240,-
Tillegg til "Ord frå bygdemålet"	kr. 30,-
Tingboka for Øyer 1705-26 (hefta A4-format)	kr. 200,-

Lokale forfattere med lokalt stoff:

Kristian Pålrsrud, "Et bygdesentrum blir til"
Henvendelse Kjetil Pålrsrud Dale Gudbrands Trykkeri

Kristian Pålrsrud, "Slekta frå Botterudmoen i Tretten",
Biblioteket

Ivar Pålrsrud, "Bakenfor ligger en barndom".
Biblioteket

Bjørn Elling Solheim, "Det var en gang - Etter Erik
Solheims notater", Biblioteket.

"På råk og rekste, Josef Strands diktning" av Hans Hagen.
Biblioteket

Øyvind Fonstad, "Slektsbok- Magnhild og Ingvald fon-
stads slekt", Biblioteket

Ivar Pålrsrud, "Det siste rommet", Biblioteket.

**Det er mulig noen av bøkene er å få kjøpt, men
sikkert er det at Biblioteket i kommunen har dem
alle. Hilsen Redaksjonen**

Bøker og hefter fås kjøpt her:

Coop-marked, SGS-lag, avd. Øyer og avd. Tretten
Tretten Nærstasjon, Aktivitetssenteret
Kiwi, avd. Øyer og avd. Tretten
Siste nummer av "I gamle fotefar" og
"Ord frå bygdemålet" fås kjøpt
i bokhandlene på Lillehammer og i Ringebu.

Ta ellers kontakt med:

Lars Holmen, Prestegardsveien 7, 2636 Øyer
Tlf.: 612 78 329. Han sender gjerne ut.

VIL DU BLI MEDLEM I HISTORIELAGET OG STØTTE ARBEIDET VÅRT?

Kontingent for livsvarig medlemskap er kr. 500,-
mens årskontingenten er på kr. 100,-.

Ta kontakt med kasserer Ola Hjelmstadstuen,
2635 Tretten. Tel. 612 76 310.

